



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	13.11.2018
<b>Tid:</b>	13:35 – 19:10

---

### Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

---

### Forfall:

Camilla Storøy	NESTL	KRF
----------------	-------	-----

---

### Varamedlemer som møtte:

Thor-Sigmund Garvik	Camilla Storøy	FRP
---------------------	----------------	-----

---

### Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Politisk sekretær Hilde B. Skinnes  
Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller  
Planleggar Tanja Rafteseth  
Innkjøpskonsulent Margrethe Steinsvik  
Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy  
Økonomileiar Geir Egil Olsen  
Eigedomsleiar Robert Myklebust

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:  
Olaug Andreassen og Ole Brubakk

**Orienteringar:**

Ap, Svein Gjelseth stilte spørsmål om mobildekninga på Runde og Sande. Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte om at prosjekte på Runde ikkje er heilt ferdig endå. På Sande skal det ikkje gjerast noko før ein ser om det vil påvirke kvaliteten på mobildekninga når prosjektet vert ferdigstilt på Runde.

Ordføraren orienterte om møte mellom Herøy kommune og lokale fiskebåtreiarlag om støtte til forskottering av Fosnavåg hamn.

Olaug Andreassen

Arnulf Goksøy  
underskrifter

Ole Brubakk

---

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 199/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 200/18	Protokoll frå førre møte
PS 201/18	Referatsaker
PS 202/18	Utlegging til offentlig ettersyn. Leite fritidsområde.
PS 203/18	Lokale innkjøp av skulemateriell.
PS 204/18	Barnevern. Godkjenning av vertskommuneavtale mellom Herøy og Vanylven.
PS 205/18	Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. Andre handsaming

### **Referatsaker**

- RS 48/18 Til orientering - Innkalling, sakliste og saksdokument til fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 7. november 2018
- RS 49/18 "Filmen om Færingehavn"
- RS 50/18 Avslag
- RS 51/18 SSR - Innkalling til møte i representantskapet torsdag 15. november 2018 kl. 10.00

## **PS 199/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

## **PS 200/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokollen frå førre møte låg føre.

## **PS 201/18 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 202/18 UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN. LEITE FRITIDSOMRÅDE.**

### **Møtebehandling:**

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller og planleggar Tanja Rafteseth orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 13.11.2018**

Herøy formannskap vedtek å legge privat planforslag for Leite Fritidsområde ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Før planen vert lagt ut til høyring/offentleg ettersyn skal følgjande justeringar/ tilføyningar gjerast:

1. Utnyttingsgrad for fritidsområda BFR 1-4 skal spesifiserast i føresegna med maks BYA %. I føresegna § 5a skal setninga «Utnyttingsgrad skal fastsetjast i byggesak.» strykast. Parkeringsdekning skal pr. definisjon reknast inn i grad av utnytting. § 5a siste setning endrast tilsvarende.

2. Avkøyrslar skal visast på plankartet .

3. Parkeringsplassar for småbåthamnplassane skal visast på plankartet, jfr. pkt 7.5 i planomtalen og § 8 pkt. 3 i føresegna.

## **PS 203/18 LOKALE INNKJØP AV SKULEMATERIELL.**

### **Møtebehandling:**

Innkjøpskonsulent Margrethe Steinsvik og kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy orienterte.

Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet kom med slik samrøystes tilråding:

1. Herøy kommune skal gjennomføre innkjøp som legg til rette for deltakelse frå lokalt næringsliv ihht. nytt anskaffelsesregelverk/nye mulegheiter.
2. Herøy kommune inviterar lokalt næringslive til dialogmøte med dette som tema.
3. Ordninga varer førebels 1 år fram til mars 2020

### **Tilråding i Formannskapet - 13.11.2018**

1. Herøy kommune skal gjennomføre innkjøp som legg til rette for deltakelse frå lokalt næringsliv ihht. nytt anskaffelsesregelverk/nye mulegheiter.
2. Herøy kommune inviterar lokalt næringslive til dialogmøte med dette som tema.
3. Ordninga varer førebels 1 år fram til mars 2020

## **PS 204/18 BARNEVERN. GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE MELLOM HERØY OG VANYLVEN.**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 13.11.2018**

Herøy kommune godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles barnevern for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

**PS 205/18 BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022. ANDRE  
HANDSAMING**

**Møtebehandling:**

Økonomileiar Geir Egil Olsen, eigedomsleiar Robert Myklebust og kommunalsjef samfunnsutvikling orienterte.

Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 vert diskutert.

Saka vert utsett.

**MØTET SLUTT!**